



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Kontakt saksbehandlar

Solbjørg Engen Torvik, 51 56 88 03

Kunngjering av vedtak om vern av skog i Rogaland - Gjesdal 14/6 14/7 14/48 frivillig skogvern Ragstjørna

Kongen i statsråd vedtok 12. desember 2025 vern av 32 skogområde i Norge. I Rogaland vart det vedtatt utviding av Ragstjørna naturreservat i Gjesdal kommune. Statsforvaltaren informerer med dette brevet grunneigarar og andre høyringsinstansar om vedtaket.

Kongeleg resolusjon og meir informasjon om vernevedtaket er lagt ut på heimesidene til [Klima- og miljødepartementet](#) (KLD) og [Statsforvaltaren i Rogaland](#).

Vedtak om vern

Kongen i statsråd vedtok den 12. desember 2025 vern av 32 skogområde i Norge. Alle er verna som naturreservat med heimel i naturmangfaldlova § 34, jf. § 37. Det er 21 nye naturreservat, medan 8 område er utvidingar av eksisterande naturreservat, og eit område får endra verneform.

I Rogaland gjeld vedtaket **utviding av Ragstjørna naturreservat** i Gjesdal kommune. Utvidinga er på 104 daa og gir eit samla areal på om lag 653 dekar for heile reservatet. Ragstjørna naturreservat vart opphaveleg verna i 1996 gjennom *verneplan for våtmark* med føremål å ta vare på eit viktig hekke- og overvintringsområde for fugl, samt eit kvartærgeologisk viktig område med eit større steinblokkssystem. Utvidinga er gjennomført etter ordninga *frivillig vern av skog*, og tilfører auka verdiar ved at eit verdifullt skogsområde med naturtypen flaumskogsmark langs Oltedalselva blir med i vernet. I tillegg er den resterande delen av intakt myr på Storamyr innlemma i vernet. Dette gir eit heilskapleg og robust vern av viktige naturverdiar og biologisk mangfald i området.

Vedtak fatta av regjeringa ved kongeleg resolusjon (kgl.res.) kan ikkje påklagast.

Du kan lesa meir om vernevedtaket på [Klima- og miljødepartementets](#) heimeside. Der ligg kongeleg resolusjon som er foredraget om vernet. I det inngår merknader til dei enkelte områda med samandrag av innkomne utalar og tilråding frå Statsforvaltaren og Miljødirektoratet. Vidare ligg det oversiktskart og nye verneforskrifter til alle områda. Verneforskriftene vert lagt ut på [lovdata.no](#). Grensene for naturreservatet vil etter kvart kunne sjåast på kart i [Naturbase](#) og andre kartdatabasar. Foredraget med kongeleg resolusjon, samt vernekart og verneforskrift for Ragstjørna naturreservat



vil ein også kunne finna på [Statsforvaltaren i Rogaland](#) si heimeside under tema *Miljø og klima* og *Verneområde*. Det nye verneområdet vil snart visast i [Temakart-Rogaland](#) ved å slå på kartlaget *Verneområder* under tema *Natur*.

Området vil etter kvart verte merka med grenseboltar innmålt i marka i regi av Jordskifteretten. Grunneigar og naboar vil verte varsla om dette på førehand.

Dersom ikkje anna er nemnd i verneforskrifta, gjeld viltlova, lakse- og innlandsfisklova og motorferdselslova i naturreservatet.

Gjesdal kommune bes merke seg verneforskrift og kart, og lagra desse slik at det kan tas omsyn til verneområda i framtidig arealplanlegging.

Avtale om vern og erstatning

Utvidinga er verna gjennom ordninga *frivillig vern av skog*, der erstatningssummane er avtalt på førehand og vil bli utbetalt av Miljødirektoratet etter vernevedtak.

Forvaltingsstyresmakt i verneområda

Det går fram av verneforskrifta § 11 at Statsforvaltaren i Rogaland er forvaltningsstyresmakt i verneområdet. Eventuelle spørsmål vedrørande forvalting kan rettast til Statsforvaltaren i Rogaland.

Føremålet med vernet

Dette avsnittet er sitat frå kongeleg resolusjon og gjeld alle områda:

«De 32 foreslåtte verneområdene omfatter viktige naturtyper og leveområder for et stort antall truede og nær truede arter. I forslaget inngår mange områder med ulike utforminger av rik edel-lauvskog, flere områder med gammel gran- og furuskog, boreale lauvskoger, høgstaude-granskog, lågurt-granskog og kalk- og lågurtskog. Tilrådingen inneholder et område med leirraviner, samt brannpåvirket barskog. I flere områder inngår flomskogsmark.

Arealmessig er det stor variasjon mellom områdene. Felles for områdene er at de uavhengig av størrelse innehar høy verneverdi ved at de omfatter sjeldne eller truede naturtyper med et høgt biologisk mangfold eller at de bidrar til å oppfylle mangler i skogvernet eller har viktig funksjon i et økologisk nettverk.

Opprettelsen av verneområdene er med på å bidra til å sikre et nettverk av viktige leveområder for naturmangfoldet i norske skogøkosystem. I denne verneplanen er verneverdiene for mange av områdene knyttet til stor variasjon i skogtyper som bidrar til å fylle mangler i skogvernet.

De viktigste påvirkningsfaktorene på verneverdiene i skogområdene som foreslås vernet, er hogst og ulike typer utbygginger, eksempelvis veibygging, hyttebygging og utbygging av vindkraft, vannkraft og kraftledninger. Vern av de foreslåtte områdene vil gjennom vernebestemmelsene sikre arealer med viktige verne kvaliteter og bidra til å dekke viktige mangler ved skogvernet. Områdene vil bidra til langsiktig og effektiv bevaring av levested for at stort antall truede arter, og dermed redusere den samlede belastningen på arter som har risiko for å dø ut.»

Om bruk av områda

Vernet får konsekvensar for bruk og utnytting av områda. Ved skogvern vert det lagt vekt på vern av heile økosystemet med tilhøyrande økologiske prosessar. Reservata er freda mot alle inngrep som



kan skade verneverdiane. For eksempel er etablering av tekniske inngrep og oppføring/utbygging av bygningar derfor forbode. Det same er hogst, vedhogst og sanking av dødt trevirke til ved. Ein kan heller ikkje ta med seg dødt eller levande plantemateriale, ville dyr, insekt, fisk eller fuglar verken inn eller ut av reservatet. Skogen skal i utgangspunktet ha fri utvikling, med unntak av eventuell skjøtsel og restaurering, bestemt av dei som har forvaltingsmynde for å ivareta og fremja verneformålet. Vernet er ikkje til hinder for fortsett bruk av området til friluftsliv, jakt, fiske, plukking av bær og matsopp. Beite er tillate, men oppsett av gjerde er søknadspliktig.

Det er verneforskrifta for det enkelte verneområdet som gir føresegn om bruken, og det visast til desse for nærare informasjon om restriksjonane i det enkelte verneområdet. Restriksjonsnivået og utforminga av verneforskriftene kan variera. Om ikkje anna er nemnt i verneforskrifta, gjeld anna lovverk som til dømes viltlova, lakse- og innlandsfiskelova og motorferdslelova.

Kunngjering

Denne kunngjeringa sendes til grunneigarar som vernet gjeld for, naboarar, samt til lokale, regionale og sentrale høyringsinstansar. Fullstendig adresseliste kan ein finna på heimesida til Statsforvaltaren i Rogaland. Statsforvaltaren vil også kunngjere vedtaket i Stavanger Aftenblad. Klima- og miljødepartementet sørger for kunngjering i Norsk Lovtidende. Departementet sendar også vedtaket til tinglysing på de respektive gnr./bnr.

Ta gjerne kontakt med Statsforvaltaren i Rogaland v/ Solbjørg Engen Torvik solbjorg.torvik@statsforvalteren.no dersom dykk har spørsmål knytt til vernevedtaket eller forvaltinga, eller ved ønske om å få oversendt papirkopi av vernekartet.

Med helsing

Cathrine Stabel Eltervåg (e.f.)
fylkesmiljøvernssjef

Solbjørg Engen Torvik
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

1 Ragstjørna_Gjesdal_desember2025_KlimaMiljødepartementet